

Terje Halland

Lervikvegen 30

5936 Manger

den 22.08.22.

Alver Kommune

Planforvaltning

Postboks 4

5906 Frekhaug

## DETALJREGULERING FOR SNEKKEVIKA- OFFENTLEG ETTERSYN OG HØYRING

### MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

I reguleringsplanen fra 1985 er det berre båthamna sitt område, samt nøstområde E2 og E3 som er farga brunt i kartet. I område E2 er der 5 nøstetomter. I område E3 er der 4 nøstetomter.

Eg har ein nøstetomt (Gnr 464 Bnr 27) i område E2. For meg ser det no ut som den har bytta farge fra brun til grønn i det nye planforslaget. Det kan eg på ingen måte akseptere.

Ellers stiller eg spørsmål med kvifor desse eksisterande tomtane ikkje er merka inn i det nye plankartet. Desse tomtane må jo vere dei første som får løyve til å bygge naust dersom dei ynsjer. Ser ein for seg naust på desse tomtane, i samanheng med dei nye planane for område og strandsona, blir fortettinga altfor stor!

Når det gjeld badeplassen skulle eg gjerne sett at den blei stelt til igjen. Både for dei som no brukar han, og for nye brukarar. Men tilkomsten må fortsatt vere via skogsvegen som no. I den forbindelse vil eg også seie eg er bekymra for dei nye planane om ein stor auke i antal båtplasser i Snekkevika, i forbindelse med eit nytt hyttefelt. I dei fleste båthamner er der bading forbudt. Redningsselskapet har fleire gonger, også no i sommar, gått ut og oppmoda folk om å respektere forbudet. Dette sjølv sagt fordi det er svært farleg å bade der det er båttrafikk. Eg ser ein konflikt mellom ein utvida bruk av badeplassen, samstundes som der blir lagt opp til auka båttrafikk med båter fra hyttefeltet. Folk med hytter, brukar gjerne båten mest i forbindelse med ferie/helg, noko som også er tilfelle med badeplassen. Det er noko som me ser alt no fra hyttene på Haugstad. På fine dagar om sommaren har me allerede ein god del kjøring på fjorden. Dette er ofte yngre båtførere i små raske båter/vanskutere som gjerne kjører tilsynelatane berre fordi det er moro. Tidvis gjerne også kappkjøring. Slik kjøring nær ein badepllass er risikosport. Ein slange rundt badevika er ingen garanti for at nokon ikkje skal symje utanfor. Når der er folk i badevika, er der gjerne folk som sym i heile Snekkevika. Særleg på fjøre sjø, når badevika er nesten tørlagt.

Kort oppsummert vil eg seie at det beste for Snekkevika, for badeplassen, for båtlaget og oss som er fastbuande her, og ikkje minst for MILJØET, er at reguleringsplanen fra 1985 blir fortsatt gjeldane!

Mvh Terje Halland

*Terje Halland*